

Valg- program

2023 - 2027



Evje og Hornnes SV



For de mange
– ikke for de få

Samferdsel

Det er for tida stor skilnad mellom distrikta og byane når det gjeld kollektivtrafikk. Dersom fleire innbyggjarar i distrikta skal få eit reelt alternativ til å bruke bil, meiner Evje og Hornnes SV at det kollektive tilbodet må bli betre. Det må bli billigare å bruke kollektivtransport og det må bli fleire avgangar.

Innvandring og integrering

Innvandrarar og flyktningar er viktige ressursar som over tid vil bidra til å gjere det norske samfunnet rikare og meir mangfaldig. Evje og Hornnes SV meiner at distrikta må legge forholda til rette slik at busettinga og integreringa kan skje på best mogeleg måte. Ein viktig del av denne tilrettelegginga, er å sikre dei som boset seg i kommunen, ei god norskutdanning. Det er også viktig med gode møteplassar for fastbuande og innflyttarar.

Utdanning

Born og unge er under eit stort press i vårt moderne samfunn. I tillegg til sosiale aktivitetar, blir det også forventa at dei skal prestere på skulen, i idretten og på jobb. Mange slit med desse krava, og psykiske lidingar er eit aukande problem. Evje og Hornnes SV vil jobbe for at skulen igjen blir ein plass der utvikling og læring står i sentrum. Gode tilbod når det gjeld helse og rådgiving er viktige. Vi ønsker også å gjere noko med eksamensordningane i grunnskolen og den vidaregåande skulen. Samtidig vil vi fjerne det gjeldande fråværsreglementet. Evje og Hornnes SV meiner også at det er viktig at ungdomen får eit godt utdanningstilbod i nærmiljøet. Det er difor viktig at skulane i distrikta får tilstrekkeleg med ressursar slik at ungdomen i distrikta kan få dei same tilboda som ungdomen i byane.

Velferdsstaten

Velferdsstaten er tufta på ideen om at dei som har mykje skal hjelpe dei som ikkje har så mykje. Han vaks fram i ein periode då Noreg var eit relativt fattig land. Evje og Hornnes SV meiner at eit av verdas rikaste land må betre tilboda til dei som fell utanfor samfunnet i staden for å byggje dei ned. Trygde- og pensjonsordningar må bli betre og ikkje dårlegare. NAV skal vere ein tenesteytar som hjelper dei som treng det, og ikkje eit hinder som gjer livet vanskelegare for dei som allereie slit.

Kultur

Evje og Hornnes har fleire viktige museum som vi meiner at skulane i nærområdet må ta i bruk. Dette inneber at dei blir rusta opp og gjort meir tilgjengelege enn dei er i dag. Evje og Hornnes SV meiner at dette er ein viktig jobb som kan styrke læringa til ungdomen, og auke interessa for historia til lokalsamfunnet.

Miljøgata i sentrum er ein god ide, men Evje og Hornnes SV meiner at det må meir til enn asfalt og butikkar for å skape eit miljø.

Det er ungdomen som er framtida, men dersom ungdomen skal kome attende til Evje når dei er ferdig med utdanninga, held det ikkje berre med attraktive tomter. Kommunen må også ha eit godt kulturelt tilbod. Evje og Hornnes SV ønskjer å samarbeide med det lokale næringslivet, skular og ulike foreiningar for å skape eit så godt tilbod som mogeleg også for vaksne i etableringsfasa.

Det grøne skiftet

Det grøne skiftet blir av mange sett på som nok ei unnskyldning til å gjere livet til borgarane vanskelegare. Evje og Hornnes SV meiner at det ikkje treng å vere slik. Alternative energikjelder som solceller og jordvarme, kan bidra til å auke graden av sjølvforsyning hos den enkelte husstand. Det er difor viktig med gode stønadsordningar både lokalt og sentralt for dei som ønskjer å nytte seg av desse mogelegheitene.

Vasskrafta er Noregs gull. Ho skal sikrar innbyggerane grøn og rimeleg energi.

Evje og Hornnes SV vil kjempe for at det skal vere slik også i framtida. Difor er vi imot straumavtalar som tvingar oss til å eksportere billig energi og importere dyr energi. Vi er også imot «straumbørsen». Vasskrafta er eit felles gode og ikkje eit investeringsobjekt.

Næring

SV vil vidareutvikle Evje og Hornnes som turistmål. Dette inneber å ta vare på den naturen vi har i området og støtte turistnæringa. Turistane gir ikkje berre inntekter til attraksjonar, campingplassar og hotell, dei bidrar til auka omsetning i alle delar av næringslivet. Skal området bli eit attraktivt tilbod for denne gruppa, må vi legge forholda til rette for dei som vil satse på turisme.

Evje og Hornnes SV vil:

- Gå inn for hyppigare bussavgangar og lokal bussrute.
- Sikre alle innvandrarak og flyktningar som boset seg i kommunen ei relevant og god norskutdanning.
- Gå inn for fleire kommunale lærlingplassar.
- Ha en nullvisjon om mobbing i barne- og ungdomsskulane.
- Sikre gratis SFO for 1-4 klasse.
- Sikre barnehageplassar for alle.
- Innføre «kompetanselønn» for dei pedagogisk tilsette i barnehagane.
- Ha eit NAV-kontor i kommunen som er ope for publikum heile veka.
- Innføre eit eige aktivitetskort for heile Setesdalen for turistar og fastbuande, og styrke Evje og Hornnes som turistmål.
- Vere imot utbygging av vindkraft i kommunen.
- Støtte innbyggjarar og bedrifter som vil ta i bruk alternative energikjelder som solcellepanel og jordvarme.
- Støtte lokale frivillige organisasjonar.
- Utreie potensiell forureining i gruveområda i Flatebygd.
- Si nei til utbygging av Syrtveitsfossen.
- At kommunen skal satse på el-bilar og fleire ladestasjonar.

Sosialistisk Venstreparti

Hagegata 22, 0653 Oslo

21 93 33 00

post@sv.no

sv.no

**Meld deg inn
i SV her:**

